

**Sakshandsamar:**

Merete Farstad

E-post: Merete.Farstad@sfj.no

Tlf.: 97742381

Vår ref.

Sak nr.: 19/3775-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 25.03.2019

Regional plan for vassforvaltning – Høyring og offentleg ettersyn av planprogram og hovudutfordringar for 2022 – 2027 og Handlingsprogram for 2019 - 2021

Melding om oppstart - Gjeldande vassforvaltningsplan skal reviderast og vil gjelde for 2022 -2027. Planen vil gjelde for ny Vestland vassregion. I samband med dette er det utarbeidd høyringsutkast til planprogram og hovudutfordringar i vassregionen. Det er og utarbeidd eit høyringsutkast til nytt handlingsprogram for 2019 – 2021 for gjeldande vassforvaltningsplan for Sogn og Fjordane.

Regional plan for vassforvaltning 2022 - 2027 – høyring av plandokument

Regional plan for vassforvaltning (vassforvaltningsplanen) gjeld for planperioden 2016-2021. Vi sett no i gong arbeidet med revidere planen. Revidert plan skal gjelde for 2022 – 2027.

Vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland er planlagt slegne saman til Vestland vassregion frå 1.januar 2020. Revidert vassforvaltningsplan vil gjelde for Vestland vassregion. På bakgrunn av dette er det no utarbeidd eit felles planprogram for vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane, dvs. for ny Vestland vassregion. Utforming av eit planprogram er fyrste formelle grep i arbeidet med å utarbeide ein revidert plan. Høyringsutkastet til planprogram ligg vedlagt.

Det er og utarbeidd hovudutfordringsdokument for kvar av vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland og for alle vassområda. Hovudutfordringsdokumentet gir ein oversikt over kunnskapsgrunnlaget til planen og hovudutfordringar i vassregionen. Kunnskapsgrunnlaget er henta frå databasen Vann-nett (www.vann-nett.no/portal). Det er her mogleg å ta ut rapportar frå vassregionen, vassområda, eller kvar enkelt vassførekomst m.m. Høyringsutkast på hovudutfordringar i Sogn og Fjordane ligg vedlagt. Hovudutfordringar i Hordaland er tilgjengeleg på www.vannportalen.no/hordaland.

Ein oppdatert vassforvaltningsplan for Vestland vassregion med tilhøyrande tiltaksprogram vert send på høyring hausten 2020.

Revidert vassforvaltningsplan vil bli utarbeidd i samsvar med nasjonale retningslinjer for arbeidet. Desse var ikkje tilgjengeleg når høyringsutkast til planprogram og hovudutfordringar vart utarbeidd. Dei ligg no føre og er lagt ved som vedlegg. Meir informasjon om dei nasjonale føringane finn du på <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/vassforvaltning/id2633068/>

Regional plan for vassforvaltning 2016 – 2021

Gjeldande vassforvaltningsplan for Sogn og Fjordane har eit handlingsprogram for 2016 – 2018. Handlingsprogrammet er no oppdatert for 2019 til 2021 og vert no lagt ut på høyring og offentleg ettersyn. Mindre endringar er gjort i forhold til handlingsprogrammet for 2016 -2018.

Høyring

Fylkeskommunane har vedteke å leggje planprogram og hovudutfordringar for planperiode 2022 – 2027 og Handlingsprogram for 2019 – 2021 ut på høyring og offentleg ettersyn jf. plan – og bygningslova §§ 4-1, 8-1, 8-3. Høyringsperioden er sett til 1. april til 30. juni 2019.

Det er utarbeidd skjema for høyringsinnspel, og desse ligg vedlagt. Bruk gjerne desse når du kjem med høyringsinnspel. Her er høyrings spørsmåla lista opp. Vi tek og i mot innspel utforma på andre måtar, t.d. brev, e-post og liknande.

Alle har høve til å uttale seg i høyringa, kommunar, sektorstyresmaktar, lag og organisasjonar, privatpersonar m.m. Medlemar av vassregionutvalet og regional referansegruppe får gjennom dette brevet dokumenta tilgjengeleg. Dokumenta kan og lastast ned frå nettsida til fylkeskommunen www.sfj.no og nettsida www.vannportalen.no/sognogfjordane.

Send inn innspela dine til post@sfj.no, [kontakt oss på eDialog](#), eller per post til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger, innan 30. juni 2019. Merk innspelet med **Regional plan for vassforvaltning (19/3775)**.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Merete Farstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Høyringsutkast planprogram for vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland
Høyringsutkast hovudfordringar i Sogn og Fjordane vassregion
Vedlegg 1: Høyringsutkast hovudfordringar i Nordfjord vassområde
Vedlegg 2: Høyringsutkast hovudfordringar i Sunnfjord vassområde
Vedlegg 3: Høyringsutkast hovudfordringar i Ytre Sogn vassområde
Vedlegg 4: Høyringsutkast hovudfordringar i Indre Sogn vassområde

Skjema for høyringsinnspel:

Innspel til planprogram
Innspel til hovudfordringar i Sogn og Fjordane
Innspel til hovudfordringar i Nordfjord vassområde
Innspel til hovudfordringar i Sunnfjord vassområde
Innspel til hovudfordringar i Ytre Sogn vassområde
Innspel til hovudfordringar i Indre Sogn vassområde
Nasjonale føringar for vassforvaltning (datert 20.03.19)

Mottakar (ar)

Buskerud fylkeskommune Postboks 3563 3007 DRAMMEN
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
Oppland fylkeskommune Postboks 988 2626 LILLEHAMMER
Østfold fylkeskommune Boks 220 1702 SARPSBORG
Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset Julsundvegen 9 6404 MOLDE
Fylkesmannen i Buskerud Postboks 1604 Bedriftssenteret 3007 DRAMMEN
Fylkesmannen i Møre og Romsdal Julsundvegen 9 6404 MOLDE
Fylkesmannen i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
Fylkesmannen i Oppland Postboks 987 2619 LILLEHAMMER
Kystverket Vest Postboks 1502 5523 HAUGESUND
Mattilsynet Sør og Vest Postboks 383 2381 BRUMUNDDAL
Norges Vassdrags- og energidirektorat Region Vest Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE
Fiskeridirektoratet Region vest Gate 1 108 6700 MÅLØY
Statens vegvesen Region Vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER
Miljødirektoratet, PB. 5672, Sluppen, 7010 Trondheim
Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL
Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND
Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND
Bremanger kommune Postboks 104 6723 SVELGEN
Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID
Fjaler kommune Dalstunet 20 6963 DALE I SUNNFJORD
Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ
Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD

Gloppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE
 Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK
 Hornindal kommune Postboks 24 6761 HORNINDAL
 Hyllestad kommune Kommunehuset 6957 HYLLESTAD
 Høyanger kommune August Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER
 Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER
 Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER
 Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE
 Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL
 Naustdal kommune Tunavegen 6 6817 NAUSTDAL
 Selje kommune 6740 SELJE
 Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL
 Solund kommune 6924 HARDBAKKE
 Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN
 Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN
 Vågsøy kommune Postboks 294 6701 MÅLØY
 Årdal kommune Statsråd Evensensveg 4 6885 ÅRDALSTANGEN
 Austrheim kommune Kommunehuset 5943 AUSTRHEIM
 Hemsedal kommune Kommunehuset 3560 HEMSEDAL
 Hol kommune Ålmannvegen 8 3576 HOL
 Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ
 Lom kommune Midtgard 2686 LOM
 Masfjorden kommune Kommunehuset 5981 MASFJORDNES
 Modalen kommune Postboks 44 5729 MODALEN
 Skjåk Kommune Moavegen 30 2690 SKJÅK
 Stranda kommune Postboks 264 6201 STRANDA
 Ulvik kommune Skeiesvegen 3 5730 ULVIK
 Vaksdal kommune Konsul Jepsens gate 16 5722 DALEKVAM
 Vang kommune Lindalen 2975 VANG I VALDRES
 Vanylven kommune Rådhuset 6143 FISKÅBYGD
 Volda kommune Stormyra 2 6100 VOLDA
 Voss kommune Postboks 145 5701 VOSS
 Ørsta kommune Dalevegen 6 6150 ØRSTA
 Ål kommune Torge 1 3570 ÅL
 Energi Norge Postboks 7184 Majorstua 0307 OSLO
 Fiskeri- og havbruksnæringsen landsforening Sandviksbodene 1E 5035 BERGEN
 FNF (Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane Sognefjordvegen 40 6863 LEIKANGER
 FRIFO Friluftslivets fellesorganisasjon Nedre Slottsgate 25 0157 OSLO
 Hydro Postboks 114 6993 HØYANGER
 Innovasjon Norge Postboks 448 Sentrum 0104 OSLO
 Kongelig Norsk Båtforbund Region Vest Vågebyveien 23 0569 OSLO
 Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane Trolladalen 3 G 6856 SOGNDAL
 Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane Rygg 6823 SANDANE
 Norges Miljøvernforbund Postboks 593 5806 BERGEN
 Norsk Botanisk Forening, Vestlandsavd. UoB/Bot.inst. Allègt 41 5007 BERGEN
 Norsk havneforbund Postboks 1022 Sentrum 0104 OSLO
 Norsk Ornitologisk Forening, Sogn og Fjordane
 Norsk Zoologisk Forening Postboks 102 Blindern 0314 OSLO
 Norske lakseelver Postboks 9354 Grønland 0135 OSLO
 Småkraftforeninga Lilleakerveien 31 0283 OSLO
 Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag 6800 FØRDE
 Sogn og Fjordane Bondelag Boks 153 6801 FØRDE
 Sogn og Fjordane Energi AS Bukta 6823 SANDANE
 Sogn og Fjordane fiskarlag Fiskerens hus Postboks 173 6701 MÅLØY
 Sogn og Fjordane Skjeldyrkarlag v/ Petter Hovgård Pb. 207 6852 SOGNDAL
 Sogn og Fjordane Turlag Pb. 10 6801 FØRDE
 Sogn Villaksråd v/ Bjarne Mel
 Statskog SF v/ Borghild Simengard Pb. 63 Sentrum 7801 NAMSOS
 WWF Verdens Naturfond Kr Augustsg 7 A 0164 OSLO

KOPI:

Klima – og Miljødepartementet, PB 8013 DEP, 0030 Oslo



Sogn og Fjordane vassregion



Hordaland vassregion

Saman for vatnet


Oppdatering av regionale vassforvaltningsplan
med tilhøyrande tiltaksprogram

Høyringsdokument 1:

Planprogram

for regional vassforvaltningsplan
2022–2027

for Sogn og Fjordane vassregion
og Hordaland vassregion



Høyringsperiode
1. april–30. juni 2019

Vassregionane Sogn og Fjordane
og Hordaland er føreslege slått
saman til Vestland vassregion
frå 1.1.2020

Stabben fyr
Foto: Nlna Susann Madsen

Hordaland og Sogn og Fjordane har ein variert natur med mykje fjell, vakre fjordar og flotte vassdrag. Bilde nedanfor er frå Askvoll. Nedst frå Eksingedalsvassdraget med Fossfossen og Storeglupen. Foto: Sveinung Klyve

